

Høyring av framlegg til ny forskrift for vass- og avløpsgebyr i Eidfjord kommune

Eidfjord kommune legg med dette framlegg til ny vass- og avløpsforskrift ut på høyring. Frist for innsending av uttale er sett til **dd. mmmm** 2026.

Høyringsvar kan sendast til postmottak@eidfjord.kommune.no eller Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord

1 Bakgrunn

Rammene for kommunale vass- og avløpsgebyr vert fastsette i kommunal forskrift. Kommunen sin heimel til å krevje inn vass- og avløpsgebyr følgjer av lov 6. juni 2025 nr. 26 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 4. Forureiningsforskrifta (forskrift 1. juli 2004 nr. 931) kapittel 16 fastset dei overordna rammene for gebyra, samt hovudreglane om utrekning og innkrevjing.

Vass- og avløpsgebyra i Eidfjord kommune skal byggje på sjølvkostprinsippet, det vil seie at kostnadane kommunen har med å levere tenestene skal dekkjast inn gjennom dei gebyra abonnentane betalar. Kommunen har etter forureiningsforskrifta ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Over- eller underskot i det einskilde året skal høvesvis avsetjast til eller trekkjast frå bundne sjølvkostfond. Avsett overskot frå det einskilde året skal først tilbake til abonnentane i form av lågare årsgebyr i løpet av ein femårsperiode. Tilsvarande skal framførbare underskot dekkjast inn over årsgebyret i løpet av ein femårsperiode. Vass- og avløpsgebyra skal ikkje brukast til å finansiere andre delar av kommuneforvaltninga.

Forskrifta er planlagt å tre i kraft 1. januar 2027.

2 Oppsummering

Eidfjord kommune har utarbeidd eit framlegg til ny lokal forskrift for vass- og avløpsgebyr. Forskrifta byggjer på sjølvkostprinsippet og fastset utrekningmåten for tilknytingsgebyr og årsgebyr i kommunen.

I ny forskrift føreslår kommunen at tilknytingsgebyret vert sett slik at bustadabonnentar betaler ein fast sats per buening, medan fritids- og næringsabonnentar betaler ein fast sats per brukseining. Kombinasjonseigedommar betalar for kvar del etter dei respektive reglane for bustad, fritid og næring. Ein fast sats opplevast enklare og meir rettferdig for abonnentane, enn ein sats som for eksempel er avhengig av bruksareal. Tilknytingsgebyr skal betalast ved ny tilknytning, når kommunen pålegg tilknytning, for eksisterande ikkje-godkjende tilknytningar, samt ved arealutvidingar som gjev fleire brukseiningar.

Ny forskrift legg opp til eit todelt årsgebyr for både vatn og avløp, samansett av eit abonnementsgebyr (fast del) og eit forbruksgebyr (variabel del). Bustadeigedom skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per buening, medan fritidseigedom betalar etter ein eigen sats per brukseining som kan vere ulik satsen for bustad. Alle bustad- og fritidseigedommar skal betale minst eitt abonnementsgebyr. Nærings- og kombinasjonseigedommar skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedomen. Fram til det er installert vassmålar, vert eigedomane delte inn i kategoriar ut frå bruksarealet multiplisert med ein omrekningsfaktor for vassforbruk per kvadratmeter.

Den variable delen av gebyret vert som hovudregel fastsett etter målt forbruk. For abonnentar utan vassmålar vert forbruket stipulert ut frå bruksarealet (BRA) etter NS-3940, multiplisert med ein omrekningsfaktor for vassforbruk per kvadratmeter. Faktoren kjem fram av gebyrregulativet, og kommunen kan fastsetje særskilt faktor for fritidsbustader.

Eidfjord kommune vert delt inn i to gebyrsonar – sone Eidfjord og sone Sysendalen. Soneinndelinga sikrar at abonnentane i kvar sone betalar for dei faktiske kostnadane knytte til infrastrukturen i sitt område

Alle gebyrsatsar vert årleg fastsette av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet, som er tilgjengeleg på heimesidene til kommunen.

3 Framlegg til ny forskrift for vatn og avløp

I dette kapittelet vert hovudtrekka og særskilde tilhøve i framlegget til ny forskrift presenterte, med vekt på korleis gebyra er utforma.

3.1 Gebyrsonar

Framlegget legg opp til at kommunen vert delt inn i to gebyrsonar for vass- og avløpstenester:

- Sone Sysendalen: Omfattar alle eigedommar som er knytte til det kommunale vass- og/eller avløpsnett i Sysendalen.
- Sone Eidfjord: Omfattar alle andre abonnentar i kommunen som er knytte til kommunale anlegg utanfor sone Sysendalen.

Gebyra i kvar sone skal dekkje dei nødvendige kostnadane (sjølvkost) knytt til tenesteproduksjonen i den aktuelle sona. Bakgrunnen for å dele kommunen inn i to sonar er at kostnadane knytt til drift og kapital i dei to områda skil seg vesentleg frå kvarandre, slik at ein felles gebyrsats ville gjeve ei uheldig krysssubsidiering mellom abonnentar i ulike delar av kommunen.

3.2 Tilknytingsgebyr

Ved tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsnett er det abonnenten som står for røyrleggjarkostnaden. Kommunen har såleis ikkje direkte kostnader knytte til sjølve tilknytninga, og dei administrative kostnadane er hovudsakleg knytte til registrering av ny abonnent. Tilknytingsgebyret skal likevel dekkje ein høveleg del av kommunen sine samla kostnader med vassforsyning og avløp.

I framlegget er tilknytingsgebyret foreslått kravd ved hendingane skildra i forskrifta § 2-1 første ledd bokstav a til d:

- Tilknytning av eigedom.
- Tilknytning av eigedom som kommunen krev tilknytt, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1, 27-2 og § 30-6.
- Eigedom med tilknytning som ikkje er godkjent.
- Tiltak som utvidar det gebyrpliktige bruksarealet, og der arealutvidinga medfører auke i talet på brukseiningar.

Tilknytingsgebyret er utforma slik:

- Bustadeigedom skal betale eit fast beløp per bueining.
- Fritidseigedom skal betale eit fast beløp per brukseining.
- Næringsseigedom skal betale eit fast beløp per brukseining.
- Kombinasjonseigedom skal betale gebyr for kvar del etter reglane over.

Ved utviding av gebyrpliktig areal som medfører auke i brukseiningar, vert det berre rekna tilknytingsgebyr for arealutvidinga, ikkje for det opphavlege arealet.

Det vert ikkje kravd tilknytingsgebyr ved seksjonering av allereie tilknytt eigedom utan at bruksarealet vert endra, ved mellombels tilknytning i opptil tre år (til dømes brakkerigg), eller ved særskild tilknytning av sprinklaranlegg.

Ein fast sats per bueining og per brukseining er enkel å administrere og vert oppfatta som rettferdig av abonnentane, samtidig som han gjev føreseielege gebyrinntekter for kommunen. Eit moderat nivå på tilknytingsgebyret er òg i tråd med tilrådinga frå Norsk Vann, og bidreg til å unngå store svingingar i årsgebyret.

Gebyrsatsen vert fastsett årleg av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet.

3.3 Todelt årsgebyr

Framlegget legg opp til eit todelt årsgebyr for både vatn og avløp, med ein fast del (abonnementsgebyr) og ein variabel del (forbruksgebyr). Valet av todelt gebyrmodell vert grunngeve med at modellen betre fangar opp kostnadsamansetjinga til tenestene, samstundes som han gjev høve til å differensiere den faste delen av årsgebyret mellom ulike abonnentgrupper.

Inntektene frå abonnementsgebyret skal i hovudsak dekkje dei forventa faste kostnadane til vass- og avløpstenestene. Kor stor del av årsgebyret som skal vere fast og variabel del, vert kvart år fastsett i gebyrregulativet.

3.4 Abonnementsgebyr (fast del)

I framlegget skal bustadeigedom betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining. Dette vert grunngeve med at bustadeigedom utnyttar infrastrukturen relativt likt uavhengig av bruksareal.

Fritidseigedom betalar abonnementsgebyr etter ein eigen sats per brukseining. På den måten kan kommunen ta omsyn til at fritidseigedomar som regel har eit lågt forbruk, men krev høg kapasitet på nettet når alle brukar hyttene samstundes. Fleire hyttekommunar brukar denne gebyrutforminga i dag, mellom anna kommunane Hol, Gol og Hemsedal.

Alle bustad- og fritidseigedommar skal betale minst eitt abonnementsgebyr.

Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet. Bakgrunnen for inndelinga i kategoriar er at kommunen sine infrastrukturkostnader knytte til vatn og avløp er forholdsmessig høgare for storforbrukande abonnentar enn for ein vanleg bustadeigedom. Utan ei slik vektning ville kvar næringsabonntent berre betalt eitt abonnementsgebyr uavhengig av den relative delen av kommunen sin produksjons- og handteringskapasitet eigedomen legg beslag på, noko som ville gjeve ei uheldig skeivdeling av kostnadane mellom bustad- og næringseigedommar.

I bygning der kommunen har gitt løyve til at fleire eigedommar kan dele vassmålar, skal abonnentane betale abonnementsgebyr som ein fast sats per brukseining.

3.4.1 Endring av tilordna kategori for nærings- og kombinasjonseigedom

Abonnementsgebyret er inndelt i kategoriar etter maksimalt vassforbruk. Sidan ingen nærings- og kombinasjonseigedommar i kommunen har vassmålar per i dag, vert dei inntil vidare plasserte i gebyrkategoriar basert på stipulert forbruk berekna ut frå bruksareal. Først når vassmålarar er installerte, vil kommunen ha det nødvendige grunnlaget for ei rett innplassering i gebyrkategoriar. Kommunen bør difor oppdatere og justere kategoritilhøyrsla etter to til tre år med målaravlesingar, slik at kategorien vert fastsett ut frå det reelle maksimalforbruket til den einskilde eigedomen.

Når ein nærings- eller kombinasjonseigedom fyrst har fått tilordna ein gebyrkategori basert på reelt maksimalforbruk, er det ikkje høve til å få endra denne kategorien berre fordi vassforbruket vert redusert i ettertid. Det er fleire årsaker til dette:

- Fastleddet skal dekkje kostnadane til kommunen knytte til den teoretiske leveringskapasiteten til kvar abonntent.
- Infrastrukturen til kommunen vert avskrive lineært over 20–80 år, slik at dei faste kostnadane er relativt stabile over tid og er upåverka av endringar i det varierende vassforbruket til den einskilde abonnenten.
- Sidan kommunen sine kostnader innanfor vatn og avløp i sin heilskap skal dekkjast av abonnentane, medfører endringar av kategoritilhøyrsla ei kostnadsforskyving frå ei gruppe abonnentar til ei anna.
- Dersom ein abonntent får høve til å «søke» om tilordning til ein anna kategori vil dette kunne få ein uheldig smitteeffekt samtidig som det kan føre til ein uønska «etterspørsel» etter politisk (sær-)behandling.
- Stadig endring av kategoritilhøyrsla for eit stort tal næringsabonntentar kan påføre kommunen kostnader med å oppdatere fakturasystemet.

Arbeidsgruppa tilrår å revidere kategoriplasseringa med jamne mellomrom, til dømes kvart femte år. Det er det høgaste målte vassforbruket på eigedomen som bør leggjast til grunn for fastsetjinga av kategori

Samla inntekt frå abonnementsgebyret skal dekkje dei faste kostnadane til kommunen. Ein abonntent kan redusere årsgebyr for vatn og avløp ved å senke vassforbruket.

3.5 Forbruksgebyr (variabel del)

Regelverket gjev avgrensa høve til å differensiere det variable forbruksgebyret, og framlegget legg opp til same gebyr per m³ for alle abonntentgrupper. Det vert ikkje gjeve nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

Forbruksgebyret vert som hovudregel fastsett etter målt forbruk. Følgjande eigedommar skal ha vassmålar installert og betale etter målt forbruk:

- Næringseigedom, medrekna bygg for offentlege føremål.
- Kombinasjonseigedom, medrekna eigedommar med ei eller fleire bueiningar i tillegg til bygningar for fiskeri eller landbruk.

- Anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg.

Som hovudregel vert avløpsmengda rekna lik vassmengda ved utrekning av forbruksgebyret. Unntak gjeld mellom anna for eigedom der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, der avløpsgebyret kan fastsetjast etter målt avløpsmengd eller særskild avtale med kommunen. Vassforbruk til sprinklaranlegg er ikkje gebyrpliktig.

3.6 Stipulert forbruk

Eigedom utan vassmålar skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk. I framlegget vert stipulert forbruk berekna ut frå eigedomen sitt bruksareal (BRA) etter NS-3940, multiplisert med ein omrekningsfaktor for vassforbruk per kvadratmeter bruksareal. Faktoren kjem fram av gebyrregulativet.

Praksisen med ein omrekningsfaktor frå kvadratmeter til kubikkmeter er innarbeidd i dei fleste kommunar i Noreg, og er enklare å administrere enn intervallbaserte modellar. Ifølgje Norsk Vann (2011) bør omrekningsfaktoren for stipulert årleg forbruk normalt ligge mellom 1,1 og 1,3 m³ per m² bruksareal.

Kommunen kan fastsetje ein særskilt omrekningsfaktor for fritidsbustader, slik at stipuleringa betre speglar det reelle bruksmønsteret for slike eigedommar. Kommunen kan òg fastsetje stipulert forbruk for eigedom som berre har utandørs tappepunkt eller vasspost; forbruket kjem då fram av gebyrregulativet.

Frittliggjande garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust vert ikkje rekna med som bruksareal for bustad- og kombinasjonseigedom (bygningstype 181–183 etter NS-3457).

I ein overgangsperiode fram til **1. januar 2028** vert visse landbruksbygningar (bygningstype 233, 241, 243, 244, 245, 248 og 249 etter NS-3457) haldne utanfor utrekningsgrunnlaget for nærings- og kombinasjonseigedom.

Merk at slike eigedomar pliktar å ha vassmålar installert. Overgangsperioden gjev abonnentane tid til å få målar på plass, utan at dei i mellomtida vert belasta med eit urimeleg høgt stipulert forbruksgebyr.

3.7 Særskilt om vassmålar

Vassmålarane skal eigast av kommunen. Installasjonskostnadane vert dekte av abonnenten, og det vert betalt ei årleg leige for anskaffing og vedlikehald av vassmålararen. Leigesatsen kjem fram av gebyrregulativet.

I framlegget kan kommunen fastsetje årsgebyret etter skjønn dersom abonnenten unnlèt å lese av vassmålararen, etter purring. Kommunen kan òg sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten, og krevje særskilt betaling (oppmøtegebyr) for dette. Oppmøtegebyret vert fastsett årleg i gebyrregulativet og er basert på kostnadsdekning.

Reglane om eigenavlesing gjeld ikkje abonnentar med fjernavlesing av vassmålar.

4 Arbeidsgruppe og målsetjing

Framlegg til ny forskrift for vatn og avløp er utarbeidd av Drift & Forvaltning og Økonomiavdelinga i Eidfjord kommune. Visma Enterprise har vore sparringspartner.


Målet med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel. Rettferdig: Gebyra skal spegle dei ulike brukargruppene sitt kostnadsnivå på best mogleg måte. Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege, formuleringar. Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for gebyra sin storleik.

Drift og forvaltning, Eidfjord kommune.

Vedlegg 1: Juridisk rammeverk

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, og tilhøyrande forskrift, seier at kommunane kan dekkje inn inntil 100 % av sine kostnader med vatn og avløp gjennom gebyr. Vidare seier lova med tilhøyrande forskrift at gebyra skal bestå av eingongsgebyr for tilknytning og årlege gebyr. Ved berekning av sjølvkost bør dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester leggst til grunn.

Dei årlege gebyra skal anten reknast ut på grunnlag av vassforbruk, eller ei todelt gebyrordning med ein fast og ein variabel del. Figur 1 skisserer dei to alternativa.



Figur 1 - Vass- og avløpsgebyr

4.1 Tilknytningsgebyr

Tilknytningsgebyret er eit eingongsgebyr. Det skal ikkje krevjast nytt gebyr ved ominnreiing eller bruksendring. Kommunen har høve til å krevje tillegg i gebyret ved tilbygg eller påbygg. Kommunen kan då bestemme at tilleggsgybetilknyningsgebyret berre skal betalast når utvidinga utgjør eit visst minsteareal.

4.1.1 Kostnadsgrunnlag

I forskrifta med kommentarar er det ikkje spesifisert kva for kostnader som skal dekkjast inn gjennom tilknytningsgebyret, men intensjonen er at det skal dekkje ein samsvarande del av kommunen sine samla kostnader med vassforsyning og avløp. Gebyret skal reknast ut for den einskilde faste eigedom eller for den einskilde bueining på eigedomen.

4.1.2 Høve til å krevje inn gebyret

Plikt til å betale eingongsgebyr for tilknytning oppstår når det vert bygd på ein elles gebyrpliktig eigedom, eller når gebyrplikt for bygd eigedom finn stad etter *lov om kommunale vass- og avløpsanlegg* § 4. Kommunen bestemmer når gebyra forfell til betaling. Det kan ikkje stillast krav om betaling av tilknytningsgebyr før utferdning av byggjeløyve.

4.2 Årsgebyr

4.2.1 Berekningsmåte

Årsgebyr kan verte utrekna på to ulike måtar. Gebyret kan reknast ut på bakgrunn av målt eller stipulert vassforbruk, eller kommunen kan velje ei todelt gebyrordning der årsgebyret består av ein fast og ein variabel del. Det er ikkje tillate å fastsette minimumsgebyr. Dersom årsgebyret vert rekna ut frå stipulert forbruk, skal det stipulerte forbruket i størst mogleg grad svare til reelt forbruk.

I tilfelle der vassforbruket vert stipulert, skal for bustadeigedomar busetnaden sitt areal leggst til grunn, då dette er anteke å gje best uttrykk for vassforbruket over ein lengre periode.

Kommunen avgjer sjølv om tidlegare arealutrekningar skal nyttast, eller om det skal settast i verk ny utrekning. Kommunen må i den kommunale forskrifta gjere greie for dei utrekningssprinsippa som ligg til grunn for å fastslå stipulert forbruk for ulike bruksareal. Det kan takast omsyn til busetnadens art og bruk, og dessutan eigedomen sin storleik og tilstand. Prinsipielt gjeld det at vassmengd inn = avløpsmengd ut.

Både kommunen og den einskilde gebyrpliktige kan krevje at årsforbruket vert fastsett ut frå målt forbruk. Den einskilde gebyrpliktige må sjølv koste på slik måling, og målinga må utførast med vassmålar etter kommunen si tilvising.

4.2.2 Eigedom som ikkje vert brukt som bustad (næring mv.)

For næringseigedom og andre eigedomar som ikkje vert brukt som bustad, er hovudregelen at årsforbruket, eventuelt den variable delen av årsgebyret, vert utrekna på grunnlag av målt vassforbruk. Er det ikkje installert vassmål, kan det fastsettast særlege reglar eller verte inngått særlege avtalar om utrekning av gebyret.

Kommunen har avgrensa høve til å sette lågare gebyr for desse eigedomane enn det som ville følgje av kommunen sin ordinære utrekningsmåte for bustadeigedomar. Det er ikkje høve til å fastsette ein rein kvantumsrabatt for storforbrukarar av vatn.

For bedrifter, gartneri, gardsbruk og anna verksemd der avløpsmengda avvik vesentleg frå vassforbruket, kan det verte inngått avtale basert på avvikande avløpsmengd.

Det kan gjerast frådrag for vatn som går inn i bedrifta sine produkt, eller av andre grunnar ikkje vert sleppt ut i avløpsnettlet frå næringseigedomar og andre eigedomar nemnt ovanfor.

Det kan utreknast auka avløpsvassmengd i forhold til målt vassforbruk dersom overvatn vert ført til avløp. For eigedomar med installert sprinklaranlegg kan det gjerast særlege avtalar slik at kommunen sine kostnader blir dekte.

4.2.3 Fastsetjing av særlege reglar

Det kan fastsettast særlege reglar til dømes for busetnad som berre er i bruk delar av året, som har eit særleg stort areal i forhold til vassforbruk og avløpsmengd eller som har tomt som medfører stort vassforbruk. Andre kriterium, som til dømes gebyrpliktige sin privatøkonomi, tal personar eller tal våtrom i huset, kan ikkje leggest til grunn for gebyrutrekninga.

Føresegnene gjev høve til å fastsetje ulike utrekningsmåtar for eigedomar med ulike bruk. Dette inneber ikkje at sjølve prisen per m³ vatn/avløp kan settast forskjellig for dei ulike eigedomane.

4.2.4 Abonnementsgebyr (fast del i todelt modell)

Ein eventuell fast del (abonnementsgebyr) skal vere stabil og ikkje avspegle variasjon i forbruk. Den faste delen av årsgebyret bør ikkje hindre den einskilde abonnent i å kunne påverke sitt eige gebyr gjennom å regulere vassforbruket. Ved ressursknappheit kan kommunen vurdere å fastsette gebyret på grunnlag av forbruk åleine, det vil seie at gebyret berre er basert på ein forbruksavhengig variabel del.

Generelt er det vanleg at den faste delen speglar dei faste kostnadane (typisk kapitalkostnader) knytt til tenesta. Samstundes vert det tilrådt at abonnementsgebyret ikkje overstig 50 % av årsgebyrinntektene. Dette for å fremme sparing av vatn.

4.2.5 Ulike gebyrsatsar

Utgangspunktet er at dei same gebyrsatsane skal gjelde i heile kommunen. Følgjande unntak gjeld:

1. Tilknytingsgebyret kan differensierast avhengig av om den gebyrpliktige har betalt refusjon etter plan- og bygningslova eller andre former for opparbeidingskostnader for tekniske anlegg som er utført etter planar godkjende av kommunen. Reglar om differensierte gebyrsatsar må fastsettast i kommunen si forskrift.
2. Det kan fastsettast ulike gebyrsatsar for tilknytning- og årsgebyr dersom eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette medfører vesentleg høgare eller lågare kostnader enn dei andre. Det kan berre fastsettast lågare gebyrsatsar dersom kostnadane med å forsyne forbrukarane med vatn i eit vassforsyningsområde er mindre kostbart enn i eit anna vassforsyningsområde i kommunen. Med gebyrsats vert meint kostnad per måleining for årsgebyr eller tilknytingsgebyr. *Forbrukerkjøpsloven* gjev likevel forbrukar moglegheit til å krevje eit passande prisavslag på levert vatn dersom vasskvaliteten er dårleg i periodar.
3. Det kan vidare verte fastsett ulike gebyrsatsar for tilknytings- og årsgebyr for ulike bustadkategoriar, der det er ulike kostnader forbunde med betening av ulike bustadkategoriar. Til dømes kan det fastsettast lågare gebyrsatsar for blokkleiligheter på bakgrunn av at kostnadane med leidningsnett er lågare per buening for desse bustadkategoriane enn for meir spreidde bustadeiningar.
4. Det kan fastsettast høgare gebyrsats for avløpsvatn som er meir forureina enn vanleg kommunalt avløpsvatn, og som det kostar kommunen meir å behandle.

Avgrensingar nemnd ovanfor gjeld ikkje fordelinga av den faste delen av årsgebyret ved bruk av todelt gebyrordning.

4.3 Andre forhold

Kommunen kan ikkje krevje tilleggsgеbyr eller auke gebyrsatsen ved manglande etterleving av pålegg. Likevel kan kommunen krevje dekt faktiske direkte kostnader som kommunen har pga. manglande etterleving av pålegg knytt til den einskilde eigedom.

Unnlèt gebyrpliktig å etterkome pålegg om utbetring av lekkasjar, kan tvangsmulkt fastsetjast etter vass- og avløpsanleggslova § 16. Tvangsmulka skal ha ein storleik som gjer det ulønsamt å ikkje følgje kravet.

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter panteloven § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling eller tilbakebetaling av vass- og avløpsgebyr gjeld reglane i lov om eigedomsskatt til kommunane § 26 tilsvarande.